

Hei igjen frå dei glade livsnyttarar i Spania!


Siste veka er godt i gong og vi nærmar oss heimreisa heim til kalde Sunnmøre igjen. Denne vaka har vi hatt kjendis-besøk på Solgården.

Eivind Skeie kjend prest, salmedikter og forfattar. Kjend ifrå Tv- serien Portvegen2, og Sesam-stasjon, Har også skrevet songen "Ei stjerne skinner i natt" og er forfattar av Solgården si jubileumsbok " Skinnende dager" han kom til Solgården og haldt eit flott foredrag om Egypt ifrå tidleg 1850-tallet.

Hanne Krogh, kjend som artist og skodespelar tok også turen innom tysdag for å ete lunsj i resturanten her. Ho skapte mykje oppmerksomheit og gjestane sette pris på besøket hennar her på Solgården.

Laurdag tok vi turen til Alicante for å sjå oss om.

Doktoren her tilbød seg å skyss oss til byen slik at vi rakk toget, men han var ein skikkelig luring og utan at vi viste det var vi på veg til Alicante og han køyrde oss heile vegen! For ein kjekkas!



Byen var enorm for oss som er vande med vesle Volda.

Ved hamna låg der gedigne båtar og gatene var dekte i menneske, omtrent som ei maurtue. Me spaserte frå butikk til butikk og til slutt hadde me henda fulle og klokka var begynt å verte mykje, så me valde å ta turen til tog stasjonen og ta toget heim, me hadde tre minutt på oss til å rekkje toget så me stressa oss fram til tog stasjonen og hoppa på eit tog.

Dette var sjølvsakt ikkje det rette toget og me hamna i ingenmannsland.

Der sat me i sju longe og sju breie for å finne eit tog som kunne take oss heim.

Etter mykje om og men kom vi oss heimatt og gikk i seng, trøtte og utsletne. Me konkluderte med at å være på handletur er meir slitsamt enn å arbeide, og at det burde være eit betalt yrke.



Søndag ha vår kjære GODE Astrid B. Giske gebursdag.

Me reiste til strand-promenaden for å ete ein god middag i godt selskap.

Der vart me servert herlig middag av ypparste kvalitet og Astrid fekk ei lita bursdagskake forma som eit graskar.

Resten av veka har me våre på arbeid.

Me har fått eit innblikk i diverse medisinar på medisinrommet, kva tilsvarande medisinar heiter i Noreg, kva dei vert brukt for å kva verkingar dei har. Me har fått vore med og observert når legen har hatt

pasientar på visitt og vi har lært mykje av han igjennom anbefalingane han har gitt til pasientane.

Me har fått tatt del i sår stell og fått sett prosedyrar som vert brukt.

Me har også tatt oss ei økt med blodtrykksmåling og blodsuktermåling på kvarandre for å verte kjende med dette.



Me har også ein gjest her på Solgården som må matast igjennom ein sondeslange inn til magen. Med sjukepleierane har me fått ei innføring med korleis det skal gjerast. Og me har no vorte flinke på det og det går som ein draum.

Me har fått lært utfatteleg mykje nytting i løpet av praksisperioda me har hatt her nede og me anbefala neste års helsefagarbeidarelevar til å søke seg hit til Spania for praksis.

Helsing

Astrid, Dorthea og Maria

Ørsta vidaregåande skule

2HEA - helsefagarbeidar